



SIMAS IKS  
Festingdalsvegen 368  
6854 KAUPANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

## Vedtak om endra løyve for Simas IKS - Festingdalen

Vi viser til

- pålegg frå Statsforvaltaren 3. oktober 2019 om vurdering av BAT-konklusjonar og
- brev frå Simas IKS (Simas) 2. desember 2019 med tilbakemelding på vurdering av BAT-konklusjonar
- søknad frå Simas 27. september 2021 om å få lagt til aktiviteten handtering av klorparafinholdige vindu, med presisering 20. mars 2023
- varsel om endring av løyve 13. juli 2022
- korrespondanse elles i saka

### 1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Simas sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå 19. april 2023.

Statsforvaltaren har oppdatert løyvet i tråd med ny mal og dei generelle BAT-konklusjonane, gitt løyve til handtering av klorparafinholdige vindu som nye aktivitet, og oppdatert vilkåra for komposteringsanlegget slik at det er dekkande for dagens aktivitet.

Endringane i løyvet er gjort med heimel i forureiningslova § 18 første ledd og nummer 2 og 4.

Det er gjort unntak frå kravet om førehandsvarsling av vedtak etter forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

Simas skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 105 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.



## 1.1 Fristar

Innan 1. mars 2024 skal Simas

- lage plan for å føre takvatn frå eksisterande bygg utanom avfallsanlegget (punkt 3.1.4 i løyve)
- utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet (punkt 14.1 i løyve)
- utgreie handtering av ulike vasstraumar (punkt 14.2 i løyve)
- lage tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn (punkt 14.4 i løyve)

Sjå også det oppdaterte løyvet.

## 2 Kort om bakgrunnen for saka

### BAT-oppdatering

Statsforvaltaren har teke initiativ til å revidere Simas sitt løyve for å sikre at utsleppa frå bedrifta er i tråd med kva som er mogeleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar, BAT. Krav om utslepps nivå som kan oppnåast ved bruk av BAT, følgjer av EUs industriutsleppsdirektiv (IED), som er teke inn i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 36.

Statsforvaltaren skal sørge for at bedrifter med løyve til forureinande verksemd blir regulerte med utgangspunkt i kva som blir rekna som BAT i den aktuelle bransjen, med eventuelle tilhøyrande forpliktande utslepps nivå (BAT-AEL), innan fire år etter EU har offentleggjort slike krav, jf. forureiningsforskrifta § 36-19. Krava for avfallsbehandling (Waste Treatment BREF) vart vedtekne av EU i BAT-konklusjon 10. august 2018.

Simas har sendt inn vurdering av om anlegget er omfatta av og driv i tråd til BAT 2. desember 2019.

### Søknad om endring av løyve

Simas har søkt om å endre løyvet slik at det omfattar handtering av klorparafinholdige vindu. De skriv at handtering av klorparafinholdige vindu utgjer ein stor HMS-risiko og belastning for dei tilsette, og søker derfor om løyve til knusing og komprimering av vindauga før transport til slutthandsaming.

I søknad om løyve til knusing og komprimering av klorparafinholdige vindauga før transport til slutthandsaming er det gitt følgjande informasjon:

- Simas vil tippe vindaugsrutene frå rampe direkte i konteinar før uttransport
- konteinaren skal vere tett og med lok som hindrar regnvatn å kome til avfallet
- verksemda sin risikovurdering viser at tiltaket ikkje vil føre til auka forureining
- verksemda vil gje opplæring og lage rutinar for å sikre at tiltaket ikkje fører til fare for forureining

I e-post 20. mars 2023 er det opplyst at mengda det vert søkt om vil ligge mellom 28 og 220 kg per dag, og ikkje vil overstige 10 tonn per dag.

Simas søkte opprinneleg også om kverning av trykkimpregnert trevirke, men søknad om denne aktiviteten vart trekt etter at utkast til løyve var sendt for kommentar.



## Bakgrunn for oppdatering av andre punkt i løyvet

Vi har vurdert at det i samband med denne oppdateringa er rimeleg å endre nokre fleire krav i løyvet for å sikre optimal drift i tråd med allereie gjeldande vilkår og nødvendig kunnskap om forureining og tiltak for å redusere utslepp. Dette gjeld krav knytt til:

- vilkår for komposteringsanlegget
- utsleppsgrenser for utslepp til vatn
- utgreiing for å få kunnskap om forureining og kostnadar ved tiltak
- liste over prioriterte stoff
- fjerning av krav som ikkje er nødvendige

Endringane blei varsla i brev av 13. juli 2022.

## 2.1 Rettsleg utgangspunkt

### Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

### Forureiningsforskrifta kapittel 36

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstillar tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

### Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.



### 3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

#### 3.1 Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren har endra løyvet på bakgrunn av fleire tilhøve

- Løyvet må oppdaterast slik at BAT-konklusjonane er dekkja
- Det er søkt om og gitt løyve til behandling av visse typar farleg avfall som ny aktivitet
- Det er rimeleg og nødvendig med nokre fleire endringar i løyvet slik det er varsla

##### *Vurdering av oppdatering av vilkåra i tråd med BAT-konklusjonar*

Statsforvaltaren har vurdert om vilkåra i bedrifta sitt løyve til verksemd etter forureiningslova må oppdaterast i tråd med BAT-konklusjonane, med tilhøyrande BAT-AEL.

Vi har vurdert at Simas etter endringane i løyvet har følgjande aktivitet som gjer at dei er omfatta av industriutslippsdirektivet (IED); mellomlagring av farleg avfall (punkt 5.5 om midlertidig lagring av inntil 50 tonn farleg avfall. Også deponering (punkt 5.4) er omfatta, men det er til no ikkje laga BAT-konklusjonar for denne aktiviteten, og den delen av løyvet som gjeld deponering vert ikkje vurdert no, utover eit par mindre presiseringar og fjerning av vilkår vi har vurdert som unødvendige. Verksemda driv også med aktivitetane kompostering og kverning av ordinært avfall og har fått utvida løyve til å handtere klorparafinholdige vindu, men vi har vurdert at desse aktivitetane har for lite omfang til at dei er omfatta av IED.

Vi har vurdert at sjølv om verksemda er omfatta av IED, treng vi ikkje å oppdatere løyvet med nye utslippsgrenser i form av BAT-AEL for utslepp til luft eller vatn. Grunnen er at verksemda ikkje har kanaliserte utslepp til luft eller vatn frå behandling av farleg avfall, og det er ikkje er bindande BAT-AEL i BAT-konklusjonane for mellomlagring av farleg avfall.

Vi har i tillegg vurdert at vi må oppdatere løyvet etter ny mal for løyve etter forureiningslova som er utarbeidd av Miljødirektoratet og som er oppdatert med nye standardkrav i samsvar med BAT-konklusjonane. Dette vil gje rammer som sikrar at bidrag til forureining og utslepp er i tråd med det som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT). Dei fleste endringane gjeld endring av ordlyd, rekkefølge eller presiseringar som ikkje inneber nye plikter for verksemda. Nokre punkt i løyve inneheld nye krav, men vi har vurdert at desse endringane ikkje vil føre til urimelege kostnadar for Simas. Sjå grunngjeving for utvalde vilkår og krav i punkt 3.2. Det var også nokre krav som verksemda hadde frå før som vi har vurdert som unødvendige, dekt gjennom nye standardkrav eller der vi har rydda i teksten.

Bedrifta sin vurdering av BAT-konklusjonane 2. desember 2019 er vurdert og tatt til orientering, og vil ligge til grunn for tilsyn og framtidig sakshandsaming. Dersom verksemda gjer endringar som kan ha følgjer for kva kategori dei fell inn under og kva for BAT-AEL er som gjeld, må de sende ei ny BAT-vurdering og eventuelt søke om endring av løyve.

Verksemda har bedt om at Statsforvaltaren vurderer om dei nye aktivitetane det er søkt om er omfatta av BAT-konklusjonane, og det er gjort over.

##### *Vurdering av søknad om endring av løyvet til å omfatte behandling av visse typar farleg avfall*

Samanlikna med aktivitetane verksemda allereie har løyve til, vurderer vi at den nye aktiviteten det



no er gitt løyve til vil føre til liten endring i konsekvensane for miljøet rundt anlegget. Verksemda har i dag løyve til mottak, mellomlagring, handtering og deponering av avfall og farleg avfall. Etter endringa kan dei også knuse klorparafinhaldige vindu. Det er søkt om og sett krav til at knusing av klorparafinhaldig vindu skal skje inne på tett dekke eller i tett containar med lok. Det er ikkje kanaliserte utslepp til vatn eller luft frå den nye aktiviteten, og det er ikkje venta at den nye aktiviteten vil føre til særleg auka utslepp. Anlegget er lokalisert med god avstand til næraste nabo, og med dei vilkåra som er sett ventar vi ikkje at dei nye aktivitetane vil føre til ulemper for miljøet.

#### *Vurdering av andre endringar i løyvet*

Simas har i det gamle løyvet krav om kompostering i lukka anlegg, inkludert overbygd mottaksdel og taklagt ettermodningshall, men Statsforvaltaren kan i særskilte høve gi samtykke til mellombels kompostering av matavfall på område med fast dekke og vassoppsamling. I 2018 vart det gitt slikt samtykke for 300 tonn matavfall da situasjonen som hadde oppstått etter ein driftsstans vart vurdert som akutt. I 2019 vart det på nytt gitt slikt samtykke etter at kompostreaktoren havarerte. Verksemda opplyste den gong at dei ville sende søknad om permanent endring i løyvet så snart som råd, men vi har ikkje fått slik søknad. Samtykket vart gitt fram til løyvet er oppdatert i tråd med nye BAT-konklusjonar. I tilbakemeldinga frå Simas på BAT-konklusjonane skriv de at det truleg vil vere nødvendig med ei oppdatering av løyvet når det gjeld kompostering uavhengig av om aktiviteten er omfatta av BAT-konklusjonar eller ikkje.

For avløpsslam og park- og hageavfall var det i det gamle løyvet i utgangspunktet sett krav til innebygd behandlingsdel og taklagt ettermodningshall, men alternativt opna for kompostering på særskilt avsett område med fast dekke dersom mengda var under 1500 tonn per år. For mengder over dette var det uansett krav til behandling under tak. I 2018 har Simas rapportert at dei tok imot 1874 tonn avløpsslam, i 2019, 2020 og 2021 tok dei imot litt over 1300 tonn avløpsslam per år, i tillegg til hage- og parkavfall. Vi legg dermed til grunn at samla mengd avløpsslam og hage- og parkavfall har overskride 1500 tonn per år i denne perioden, og at det har vore krav til behandling under tak i det gamle løyvet.

Det er no avklart at komposteringa ikkje er omfatta av BAT-konklusjonane. Vi er samde med Simas i at løyvet likevel må oppdaterast, da tidlegare vilkår ikkje opnar for å gje unntak frå hovudkrava til innebygging og taklegging på permanent basis og utan at det ligg føre særskilte høve. Sidan vi ikkje har fått søknad om endring, endrar vi vilkåra for komposteringsanlegget no.

Komposteringsanlegg fører særleg til utslepp av organisk stoff og næringssalt til vatn og utslepp til luft i form av lukt. Også handtering og lagring av andre avfallstypar kan føre til miljøulemper. Norsk industri sin rapport 12/2019 laga av Cowi om miljøfarlege stoff i overflatevatn på avfallsanlegg viser høgt innhald av fleire forureinande komponentar ved dei undersøkte anlegga.

Vi har sett eit generelt krav om at avfall skal lagrast på fast dekke med oppsamling av eventuelt forureina avløpsvatn. Dette er ei vidareføring av gjeldande krav. Vi har vidare sett krav til at all handtering og lagring skal vere basert på risikovurdering, og presisert kva kravet til risikovurdering inneber for lagring og handtering av ulike avfallstypar. Det er frå før eit krav til risikovurdering og handlingsplan for å redusere risiko i internkontrollforskrifta, og det nye kravet er såleis ei presisering av gjeldande krav. For bioavfall og slam til kompostering skal handtering og lagring i utgangspunktet skje inne, med mindre ei risikovurdering viser at anna løysing gjev like godt miljøvern eller like låg



risiko. For anna avfall kan avfallet i utgangspunktet handterast ute, med mindre ei risikovurdering viser at det må handterast inne og på tett dekke.

Kravet til bioavfall og slam er sett noko strengare fordi vi reknar at dette avfallet har størst potensiale for forureining. Det nye kravet tek utgangspunkt i dei gamle vilkåra, men gjev nødvendig fleksibilitet for verksemda, og erstattar tidlegare krav om at alternative løysingar til at innebygging og taklegging var knytt til særskilte mengdegrensar eller godkjenning frå Statsforvaltaren i kvart tilfelle.

For å vurdere miljørisiko er det nødvendig å ha kunnskap om konsekvensane av utsleppet. Det er derfor nødvendig å ha kunnskap om utslepp frå dei ulike aktivitetane. Det er derfor sett særskilte krav til utgreiing av utslepp til vatn. Det var også i det gamle løyvet krav om å ha oversikt over alle utslepp, men dette er no presisert, og det er sett frist for å utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet. Verksemda er allereie i gong med denne dette arbeidet, og har sendt kart med oversikt over VA-anlegg på området.

#### *Arealbruk oppå nedlagt deponi*

Løyvet er avgrensa til eigedomsgrensene, men det er ikkje sett særskilte krav til kor på området dei ulike aktivitetane skal skje. Det er sett ei rekkje funksjonskrav, og informasjon i søknadar og utgreiingar er lagt til grunn. Det er til dømes ikkje sett særskilte krav til kor på området kompostering skal skje, men sett funksjonskrav og krav til kva vurderingar som må gjerast. Bruk av området oppå deponiet til kompostering eller til andre aktivitetar må tilpassast andre krav, som krav til avslutning og ev. framtidige vilkår for avslutning og etterdrift. Vi viser også til vårt brev 5. desember 2022, der vi varslar at det må lagast avslutningsplan for deponiområde som er avslutta.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta*

Avfallsanlegget ligg i eit område som er regulert til område for kommunalteknikk – miljø og avfallsplass. Vi vurderer at den nye aktiviteten og endringane i løyvet ikkje vil føre til særleg endra verknadar på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 8 utover det som er vurdert tidlegare. Vi har derfor ikkje vurdert dei miljørettslege prinsippa i §§ 9 til 12. Vi vurderer at krava i løyvet er tilstrekkelege til at utslepp frå den nye aktiviteten ikkje vil føre til nemneverdige endra ulemper for miljø og at aktiviteten ikkje vil vere til hinder for å nå måla i vassforskrifta.

#### *Konklusjon*

Statsforvaltaren har konkludert med at endringane i løyvet er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved verksemda samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gjev vi løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår.

## **3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav**

Nedanfor er det gitt forklaringar på vilkår og krav i løyvet som treng ei meir spesifikk grunngeving.

### **3.2.1 Nøkkeldata**

#### *Kategori for verksemda*

Under følgjer vurdering av kategori for verksemda (på framsida av løyvet);

- Mellomlagring av farleg avfall (punkt 5.5): Verksemda har løyve til å mellomlagre maksimalt 100 tonn farleg avfall på anlegget. Dette er over grensa på mellomlagring på 50 tonn farleg avfall, jf.



forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.5, og verksemda er derfor omfatta av industriutslippsdirektivet (IED).

- Handtering av klorparafinhaldige vindu (punkt 5.1 c) og d): Verksemda får løyve til å drive med aktiviteten handtering av 50 tonn klorparafinhaldige vindu per år. Verksemda vil handtere maksimalt 0,22 tonn klorparafinhaldige vindu per dag. Prosessen fell inn under aktivitetane omtalt i forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.1 c) blanding og d) ompakking, men er ikkje omfatta av industriutslippsdirektivet (IED), da dagleg kapasitet er under grensa på 10 tonn per dag.
- Biologisk behandling og forbehandling før forbrenning eller samforbrenning (punkt 5.3 b) i) og ii): Verksemda har løyve til å drive med både biologisk behandling og kverning av ordinært avfall. Prosessane fell inn under aktivitetane omtalt i forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.3 b) biologisk behandling, og punkt 5.3.b)ii) forbehandling før forbrenning eller samforbrenning. Dei er omfatta av industriutslippsdirektivet (IED) dersom samla dagleg kapasitet for desse to aktivitetane er over grensa på 75 tonn per dag. I tilbakemeldinga er det opplyst at Simas har ein kontinuerleg komposteringsprosess 365 dagar i året, og dermed har ein kapasitet på 41,1 tonn per dag for denne aktiviteten. Det er vidare opplyst at de i snitt dei tre siste åra har kverna 2464 tonn trevirke per år fordelt på 2,5 dagar per veke i 50 veker, tilsvarande 19,7 tonn per år. I tillegg har de kverna i snitt om lag 105 tonn grovavfall per år fordelt på 12,5 dagar per år, tilsvarande 8,4 tonn per dag. Samla kapasitet for kverning vert 28,1 tonn per dag. Samla kapasitet for kompostering og kverning vert 69,2 tonn per dag. Desse aktivitetane vert dermed ikkje omfatta av industriutslippsdirektivet (IED), da dagleg kapasitet er under grensa på 75 tonn per dag.

### 3.2.2 Rammevilkår (punkt 1 i løyvet)

I det gamle løyvet var det eit krav at løyvehavar skal ta imot alt hushaldningsavfall, næringsavfall, spesialavfall inkludert farleg avfall og forureina massar som vert levert frå avfallsprodusentar i eigarkommunane, og som er lovleg å ta imot i samsvar med avgrensingane i dette løyvet. Dette kravet er fjerna, da vi vurderer at det er unødvendig å pålegge ei særskilt plikt til å ta imot avfall for dette anlegget.

### 3.2.3 Kompetanse (punkt 2.8 i løyvet)

Tidlegare krav til bemanning og kompetanse på anlegget er oppdatert med eit meir generelt krav til kompetanse i tråd med det som er vanleg å sette til anlegg for behandling av farleg avfall. Krav til kompetanse på bachelor-nivå er vidareført frå det gamle løyvet.

### 3.2.4 Utslepp til vatn frå punktkjelder (punkt 3.1.1 i løyvet)

Vi har endra grensa for utslepp av oljehaldig avløpsvatn frå 50 mg/l til 10 mg/l. Verksemda med liknande aktivitetar får normalt utsleppsgrense på 5 mg/l olje, men vi har sett grensa noko høgare for dette anlegget, da Simas meiner dei i periodar vil ha problem med å oppnå 5 mg/l. Simas har ikkje aktivitetar som tilseier at dei skal ha eit høgt utslepp av olje. Sjølv om resipienten er god er det eit mål å redusere utsleppet mest mogleg utan at det fører til urimelege kostnader. Årsrapportar frå anlegget viser at verksemda ved god drift kan oppnå dette kravet, og dette er også erfaring frå andre liknande verksemda. I 2021 hadde Simas to målingar med høgt oljeinnhald som skil seg frå øvrige målingar på hv. 34,18 og 91,9 mg/l olje. Den høgaste verdien er over både gjeldande grenseverdi og ny grenseverdi. Vi er ikkje kjent med årsaka til det høge utsleppet, men Simas har opplyst at dei bestilte tømning av oljeutskiljar etter dei høge målingane. Målingar etter dette viser igjen verdiar under 5 mg/l. Simas har vist til at eit strengare krav vil føre til ekstra kostnader og ressursar på grunn



av behov for endra rutinar og hyppigare måling for å sikre at dei stettar kravet. Dei ønsker derfor at den gamle grensa på 50 mg/l ikkje vert endra. Vår vurdering er at eventuelt behov for hyppigare prøvetaking for å stette det nye kravet ikkje vil føre til urimelege kostnader for Simas samanlikna med krava i det gamle løyvet. Også i dag er det krav til oversikt over utslepp i punkt 6.2, prøvetakingsfrekvens som gir representative prøver i punkt 6.2.1 plikt til å redusere forureining så langt som råd utan urimelege kostnader i punkt 2.3. For avfallsanlegg som har aktivitetar med krav til utsleppsgrenser (BAT-AEL) til resipient skal det settast krav til maksimalt 0,5-10 mg/l hydrokarbonar. Simas har ikkje aktivitetar med krav til BAT-AEL, men vi har likevel sett hen til desse grenseverdiane og kva anlegget kan oppnå ved fastsetting av utsleppsgrensene.

Det er sett eit nytt krav om at verksemda ikkje skal ha punktutslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering. Det er frå før krav i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 at det ikkje er lov til å ha utslepp til vatn frå handtering av farleg avfall. Ved bruk av tørre metodar for reingjering og resirkulering av overskotsvatn, vil det ikkje være nødvendig å ha utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering. Mange avfallsanlegg har gjennomført dette for å redusere utslepp til vatn frå avfallshandteringa. Dersom verksemda har slike utslepp i dag, må desse koplast frå slik at dei ikkje fører til utsleppsleidning. Vi vurderer at dette er eit lite inngripande tiltak som vil bidra til å redusere utslepp til vatn frå avfallshandteringa.

### **3.2.5 Utsleppsreducerande tiltak (punkt 3.1.4 i løyvet)**

Det er krav til at overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget. Verksemda har frå før krav til at reint overflatevatn frå tilstøytande areal ikkje skal førast til sivevassnettet, men leiast separat utanom deponiet. Dette kravet er uendra, jf. punkt 10.2 i løyvet. Vidare er det frå før krav til at fortynning ikkje er tillate for å oppnå krav til utsleppsavgrensing. Også dette kravet er vidareført i punkt 3.1.1. Kravet om at reint takvatn frå avfallsanlegget skal førast utanom avfallsanlegget er såleis ei vidareføring av tidlegare krav og ei konkretisering av kva gjeldande krav inneber for avfallsanlegget. Simas har meldt at takvatn frå eksisterande bygg i dag vert ført til sivevassanlegget, og at det kan bli kostnadskrevjande å endre dette. Dei ønsker å vurdere korleis dei kan føre takvatn frå eksisterande bygg utanom avfallsanlegget saman med utgreiing i punkt 14. Vi har derfor opna opp for å sende framdriftsplan for gjennomføring av kravet til handtering av takvatn for eksisterande bygg med same frist som for utgreiingane i punkt 14. Vi vurderer at dette er ei lemping samanlikna med krava i det gamle løyvet.

### **3.2.6 Lukt (punkt 4.4 i løyvet)**

Tidlegare krav om maksimalt luktgrense er vidareført med oppdatert ordlyd i endra løyvet. Tidlegare krav om utsleppsmåling ved sjenerande lukt er erstatta av krav til luktrisikovurdering i tråd med Miljødirektoratet si rettleiing. Dette er i tråd med Miljødirektoratet sin mal for regulering av luktutslepp frå industri. Verksemda har allereie krav til risikovurdering i internkontrollforskrifta, og det nye kravet er ei presisering av korleis risikovurdering skal gjennomførast for å redusere lukt. Vi er ikkje kjent med at det har vore klager på lukt frå anlegget, men det er likevel viktig å førebyggje lukt ved systematisk arbeid. Vi vurderer at endringa ikkje vil føre til urimeleg kostnad for Simas.

### **3.2.7 Spesifikt energiforbruk (punkt 8.3 i løyvet)**

Det er lagt til nytt krav om utrekning og rapportering om spesifikt energiforbruk. Dette er vanleg å sette til verksemdar som er omfatta av IED-krav. Vi vurderer at kravet ikkje er inngripande.

### **3.2.8 Mottak av avfall og oversikt over avfall (punkt 9.2.1 og 9.2.4 i løyvet)**

Tidlegare krav til mottak, journalføring og informasjon til kundar er erstatta av nye formuleringar. Innhaldet er i hovudsak det same, og endrar i liten grad på rettane og pliktane til Simas.





### 3.2.9 Mottak av avfall til deponering (punkt 9.2.2 i løyvet)

Plikt til mottak av avfall er fjerna, da vi vurderer at dette er eit urimeleg og unødvendig krav. Vi har fjerna særskilt vilkår om multiureina massar, da dette er tilstrekkeleg regulert i avfallsforskrifta og rammene i løyvet. Krav til varsling av Statsforvaltaren ved mottak av avfall til deponi som ikkje oppfyller kriteria for deponering er fjerna og erstatta med at avfallet straks skal leverast vidare til lovleg anlegg. Vi vurderer at varslingsplikta er tilstrekkeleg regulert i avfallsforskrifta kap. 9.

### 3.2.10 Generelle krav til handtering (punkt 9.2.3 i løyvet)

Det er sett krav til handtering av farleg avfall som er vanleg å sette for å redusere fare for forureining frå slik aktivitet. Krav om at klorparafinholdige vindu skal handterast innandørs og på tett dekke eller i tett konteinar med lok er i tråd med løysinga som er omtalt i søknaden.

Det er sett eit nytt krav om at all handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering. Internkontrollforskrifta har allereie krav om risikovurdering og handlingsplan for å redusere risiko. I det oppdaterte løyvet er det presisert kva kravet til risikovurdering inneber for lagring og handtering av avfall.

Krav om at alt avfall, uavhengig av mengde, skal handterast og lagrast på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning er ei vidareføring av tidlegare krav i punkt 6 i det gamle løyve.

I punkt 5 i dei gamle vilkåra var det krav til overbygd mottaksdel for alt avfall til kompostering. Dette kravet er vidareført for avfall med avfallsstoffnummer 1111 kjøkken- og matavfall, 1126 slam, organisk og 1127 animalske biprodukt, da vi reknar at dette avfallet har størst potensiale for forureining. Det nye kravet er ei lemping samanlikna med krava i det gamle løyvet på dette punktet, da vi vurderer at det generelle kravet til risikovurdering er tilstrekkeleg for mottak av anna avfall til kompostering.

For alt avfall unntatt bioavfall og slam til kompostering, er det presisert at dersom ei risikovurdering viser at det er naudsynt, skal avfallet handterast og lagrast innandørs på tett dekke. Dette vilkåret krev dokumentert risikovurdering om handtering, inkludert lagring, av om dei ulike avfallstypene fører til forureina avrenning, støv, flygeavfall eller anna forureining. Dersom det viser seg at forureininga er uakseptabel skal verksemda utføre risikoreduserande tiltak. Dersom tiltaka ikkje fungerer må aktivitetane gå føre seg innandørs og på tett dekke.

I det nye løyvet har vi på same måte som i det gamle løyvet sett krav til at bioavfall og slam til kompostering i utgangspunktet skal handterast og lagrast inne. Vi har opna for at Simas kan velje annan løysing dersom dei kan dokumentere at valt løysing gjev minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Ein del av krava i det gamle løyvet er dekt av krav i avfallsforskrifta kap. 11, og er derfor ikkje gjentatt i oppdatert løyvet.

Tidlegare krav til 2 m gjerde og låsing er endra til at avfallsanlegg skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang.

Tidlegare krav om at framande artar i kategoriane SE, HI og PH ikkje skal finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik er erstatta med krav om at verksemda skal



gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing og etablering av framande skadelege artar og krav om at risikoen for spreiing av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga.

### **3.2.11 Oppsamling og handtering av sigevatn (punkt 10.4 i løyvet)**

Krav til reinsing av sigevatn frå deponiet er vidareført frå det gamle løyvet. Det er lagt til at dersom sigevassediment skal deponerast må basiskarakteriseringa vise at avfallet tilfredsstiller kriteria for deponering på ordinært deponi. Dette er ikkje ei endring av vilkåret, men ei presisering av andre vilkår som også gjeld dersom avfallet skal deponerast.

### **3.2.12 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren (punkt 11 i løyvet)**

Punktet er oppdatert i tråd med Miljødirektoratet sin mal. Særskilte krav til deponiet som ikkje er dekt i andre punkt er vidareført.

### **3.2.13 Miljøovervaking (punkt 12 i løyvet)**

Teksten er oppdatert i tråd med Miljødirektoratet sin mal, men rettar og plikter for Simas er ikkje endra. Det er sett krav til å sende oppdatert overvåkingsprogram for eventuelle merknadar, slik at vi kan gå gjennom programmet før neste overvaking i 2024.

### **3.2.14 Tiltak mot akutt forureining (punkt 13 i løyvet)**

Teksten er oppdatert i tråd med Miljødirektoratet sin mal.

### **3.2.15 Undersøkingar og utgreiingar (punkt 14 i løyvet)**

Vi har nye utgreiingskrav for å få meir kunnskap om forureining frå andre aktivitetar på området enn deponiet, og kostandar med å gjennomføre eventuelle tiltak. Det er sett særskilt krav til å utgreie separat handtering av ulike vasstraumar. Utgreiingskrava i punkt 14.1 og 14.2 er nødvendig for å vurdere om det er behov for meir presise vilkår for å sikre gjennomføring av gjeldande vilkår om at det ikkje er tillate med fortytning for å oppnå utsleppsavgrensinga.

Det er i gjeldande løyve sett særskilte krav til reinsing av sigevatn, men reinseanlegget tek også imot mykje anna vatn enn sigevatn frå deponiet. Vi har grunn til å tru at tilførsel av vatn frå andre delar av anlegget enn deponiet fører til at sigevatnet vert fortynta, og at reinseeffekten for sigevatn vert dårlegare enn den kunne vore dersom anlegget berre vart nytta for konsentrert sigevatn. Vi har heller ikkje nok kunnskap om forureining frå andre delar av anlegget enn deponiet til å vurdere om det bør settast særskilte utsleppsavgrensingar for nokre delar av anlegget eller at delar av aktiviteten skal skje innandørs.

Verksemda har frå før krav om å ha oversikt over alle utslepp som kan føre til forureining, og krav til prøvetaking av forureining frå andre delar av anlegget enn deponiet. Desse krava vert no erstatta med utgreiingskrav.

Verksemda har i dag løyve til utslepp rejektivatn frå avvatning av avløpslam og glykolhaldig vatn frå avising av fly vert tillate ført inn på sigevassleidninga nedanfor siste reinsetrinn. Dette er ikkje endra i det nye løyvet. Utgreiinga av vasstraumar skal omfatte utslepp til vatn unntatt deponiet, og skal også omfatte utslepp av flytande avfall. Verksemda vil da få meir kunnskap for å vurdere miljørisikoen ved desse utsleppa og vurdere om det er behov for tiltak for å redusere risikoen, og Statsforvaltaren får grunnlag for å vurdere om det er nødvendig å endre vilkåra i løyvet.

Vi kjenner ikkje til om kverning av farleg avfall hos Simas vil føre til nemneverdige utsleppsnivå av TVOC. Vi har derfor sett utgreiingskrav i punkt 14.3 i løyve for å gjere greie for utsleppet til luft. På



bakgrunn av utgreiinga vil Statsforvaltaren vurdere om utsleppet skal regulerast med utsleppsgrense i punkt 4.1.

Krav om å vurdere behovet for å dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn i punkt 14.4 er eit krav som blir stilt til alle verksemder som er omfatta av BAT.

### **3.2.16 Liste over prioriterte miljøgifter (Vedlegg 1 til løyvet)**

Vi har oppdatert liste over prioriterte miljøgifter slik at dei samsvarer med den nasjonale lista. Oppdateringa er ledd i å nå det nasjonale målet om at utslepp av prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

### **3.2.17 Oversikt over avfallstypar og aktivitetar (Vedlegg 2 til løyvet)**

Tidlegare krav til tillatne avfallstypar, behandlingsmåtar og lagringstider og mengder er no samla i vedlegg 2. Det er ikkje gjort endringar i rammene utover presiseringar med avfallstoffnummer og kva avfallstypar, lagringstider, aktivitetar mv. som er meint.

## **4 Saksgang**

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

### **4.1 Korrespondanse**

Under er korrespondanse som er relevant for saka lista opp:

- 15. februar 2019 - Melding om driftsstans i komposteringsanlegget og søknad om samtykke til rankekompostering. Det er vist til at Simas ville kome tilbake med søknad om endring i utsleppsløyvet til å omfatte permanent løyve til å rankekompostere matavfall
- 11. mars 2019 - Statusoppdatering på komposteringsanlegget der det vert opplyst at verksemda har bestemt å legge ned reaktorkomposteringa og vil så snart som mogleg sende søknad om endring i løyvet til rankekompostering
- 1. august 2019 - Samtykke frå Statsforvaltaren til mellombels å rankekompostere matavfall fram til løyvet er oppdatert i tråd med nye BAT-konklusjonar
- 3. oktober 2019 - Pålegg frå Statsforvaltaren om vurdering av BAT-konklusjonar
- 2. desember 2019 - Brev frå Simas med tilbakemelding på vurdering av BAT-konklusjonar
- 27. september 2021 - Søknad frå Simas om å få lagt til aktiviteten kverning av trykkimpregnert trevirke og handtering av klorparafinhaldige vindu
- 21. juni 2022 - Delegering av myndigheit for behandling av farleg avfall frå Miljødirektoratet
- 8. juli 2022- Utkast til løyve med vilkår sendt til Simas med kopi til Sogndal kommune
- 3. oktober 2022: Simas sine merknadar til utkastet til løyve
- 16. desember 2022: Simas informerer om at dei ikkje lengre vil kverne impregnert trevirke
- 20. mars 2023: Simas opplyser kor mykje klorparafinhaldige vindu det er søkt om å behandle per dag



## 4.2 Førehandsvarsel og uttaler

Vi har vurdert at vedtaket om å gje løyve til handtering av klorparafinhaldige vindu vil vere av mindre miljømessig betydning. Det er derfor gjort unntak frå førehandsvarsling av vedtaket, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd b.

Vi har vurdert at endringane ved innføring av dei nye vilkåra i Simas sitt løyve er av mindre miljømessig betydning, da vedtaket er vurdert å vere ei innskjerping i reguleringa og bidreg til å redusere forureining frå verksemda. Utkastet til nye vilkår er derfor ikkje sendt på høyring utover at saka er førehandsvarsla ved oversending av utkast til løyve til Simas og Sogndal kommune, jf. forurensningsforskriften § 36-9 andre ledd bokstav b).

Sogndal kommune har i brev 22. juli 2022 og uttalt at dei ikkje har merknadar til utkastet.

Simas har sendt merknadar til utkastet i brev 3. oktober 2022. Tilhøva det er kommentert på er omtalt i grunngjevinga der det er relevant.

## 5 Klagerett

Simas og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Astrid Holte  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Endra løyve etter forureiningslova - Simas IKS - Sogndal

Kopi til:

SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153

6851

SOGNDAL



## Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16 og 29, og 11-6 og endra med i medhald av § 18 1. ledd punkt 2) og 4). Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 6 til og med side 32. Dette løyvedokumentet er ajourført per 19. april 2023 og erstattar tidlegare løyve.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Bedrifta bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.<sup>1</sup>

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Nøkkeldata

Bedrift	SIMAS IKS
Postadresse for bedrifta	Festingdalsvegen 368
Org. nummer (bedrift)	876 028 662 (høyrer til 974 888 076)
Næringskode og bransje	38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning
Kategori for verksemda <sup>2</sup>	5.4 og 5.5
Stad/gateadresse	Festingdalsvegen 368
Kommune og fylke	Sogndal, Vestland
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 408650, nord: 6782250
Gards- og bruksnummer	107/35 og 36

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Saksnummer:
1997.0506.T	4640.0008.02 - deponi 4640.0008.05 - avfall - mottak, mellomlagring og sortering 4640.0008.06 - farleg avfall og kompostering 4640.0008.08 - farleg avfall - behandling	2019/2180

<sup>1</sup> I dette dokumentet blir ordet "verksemd" brukt om den produksjon eller aktivitet som blir drive og som løyvet gjeld. Ordet "bedrift" blir brukt om den juridiske eininga som er ansvarleg for å halde plikter og avgrensingar (vilkår) i løyvet til verksemda, den som må søke om eventuelle endringar, som leverer avfall osv. Ordbruken er søkt gjennomført så konsekvent som mogleg i dokumentet.

<sup>2</sup> Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.



Løyve gitt første gong: 30.10.1997	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: 19.12.2016	Løyve sist endra: 19.04.2023
Sissel Storebø seksjonsleiar		Astrid Holte senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar
	30.10.1997		Nytt utsleppsløyve (Overført frå Sogndal kommune som hadde løyve til avfallsdeponering her frå 26.9.88)
1	25.8.1998		Oppdatert løyve etter endring av reglar om farleg avfall
	1.1.2000		Ansvarleg løyvehavar endra til SIMAS IKS
	7.12.2005		Frå 10.8.2005: Godkjent unntak frå botntettingskrav for deponering av avfall i celler etablert før 2002
	10.10.2007		Mellombels løyve utvider ramma for frilandskompostering
2	7.4.2008		Endra utsleppsløyve med fleire endra vilkår
	3.12.2009		Vedtak om unntak frå deponiforbodet til 1.4.2010
3	15.9.2011	4.2	Utsett frist for resipientgransking
4	19.12.2016		Endring av utsleppsløyve tilpassa noverande aktivitet
5	19.04.2023	Heile dokumentet	Oppdatert i samsvar med ny mal for løyve etter forureiningslova, inkludert oppdatert krav i samsvar med BAT-konklusjonane i BREF for avfallsanlegg. Dei største endringane er omtalt i eige punkt.
		3.1.1	<ul style="list-style-type: none"><li>Nytt krav til utslepp frå innandørs avfallshandtering.</li><li>Nye utsleppsgrenser for utslepp av oljehaldig avløpsvatn.</li></ul>
		3.1.4	Presisering av krav til handtering av takvatn
		4.4.2	Lagt til krav til luktrisikovurdering
		9.2.2	<ul style="list-style-type: none"><li>Fjerna plikt til mottak av avfall og kulepunkt 3 om multiureina massar.</li><li>Lagt til plikt til vidarelevering til lovleg anlegg for avfall som ikkje kan deponerast.</li></ul>
		9.2.3	<ul style="list-style-type: none"><li>Ny formulering av krav til lagring og handtering av avfall</li></ul>
		10.4	Lagt til presisering om deponering av sigevassediment
		12	Formulering av krav til overvaking er oppdatert i samsvar med vassforskrifta
		14.1	Nytt krav til utgreiing av utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet



		14.2	Nytt krav til utgreiing av handtering av ulike vasstraumar
		14.4	Nytt utgreiingskrav om tilstandsrapport for mogleg forureining i grunnen
		Vedlegg 1	Oppdatert liste over prioriterte miljøgifter
		vedlegg 2, tabell 1 og 2	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tidligere tabell og tekst i gamle løyve punkt 1.1 er erstatta med tabell 1 og 2. Avfallstypar er inndelt etter avfallsstoffnummer</li><li>• Lagt til nye aktivitetar for behandling av klorparafinhaldige vindu i tabell 2.</li></ul>





## Innholdsliste

1	Rammevilkår .....	7
2	Generelle vilkår.....	7
2.1	Utsleppsavgrensingar .....	7
2.2	Plikt til å halde grenseverdier .....	7
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	7
2.4	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt .....	8
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	8
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare .....	8
2.7	Internkontroll .....	8
2.8	Kompetanse .....	8
2.9	Nærmiljø .....	9
3	Utslepp til vatn.....	9
3.1	Utsleppsavgrensingar .....	9
3.1.1	<i>Utslepp frå punktkjelder</i> .....	9
3.1.2	<i>Utslepp frå flytande avfall</i> .....	9
3.1.3	<i>Diffuse utslepp</i> .....	9
3.1.4	<i>Utsleppsreduserande tiltak</i> .....	10
3.2	Utsleppspunkt.....	10
3.3	Kjølevatn .....	10
3.4	Sanitæravløpsvatn .....	10
3.5	Mudring.....	10
4	Utslepp til luft og nærmiljøtiltak.....	11
4.1	Diffuse utslepp.....	11
4.2	Deponigass.....	11
4.3	Lukt.....	11
4.3.1	<i>Luktavgrensing</i> .....	11
4.3.2	<i>Luktrisikovurdering</i> .....	11
5	Grunnforureining og forureina sediment.....	11
6	Kjemikal .....	12
7	Støy .....	13
7.1	Dokumentasjon på støynivå .....	13
8	Energi.....	14
8.1	Energileiing.....	14
8.2	Utnytting av overskotsenergi .....	14
8.3	Spesifikt energiforbruk .....	14
9	Avfall .....	14
9.1	Generelle krav .....	14
9.2	Handtering av avfall .....	15
9.2.1	<i>Mottak av avfall</i> .....	15
9.2.2	<i>Mottak av avfall til deponering</i> .....	15
9.2.3	<i>Generelle krav til handtering</i> .....	15



9.2.4	Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall .....	17
10	Oppbygging og drift av avfallsdeponi.....	17
10.1	Deponikategori .....	17
10.2	Oppbygging og sikring av deponiet .....	17
10.3	Oppfylling og drift av deponiet.....	18
10.4	Oppsamling og reinsing av sigevatn .....	18
10.5	Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse .....	18
10.6	Avslutting av deponi og deponicelle .....	19
10.7	Finansiell sikring .....	19
11	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren.....	19
11.1	Kartlegging av utslepp .....	19
11.2	Utsleppskontroll .....	20
11.3	Kvalitetssikring av målingane.....	20
11.4	Program for utsleppskontroll .....	20
11.5	Program for utsleppskontroll for deponiet .....	21
11.6	Rapportering til Statsforvaltaren.....	21
12	Miljøovervaking .....	22
12.1	Overvaking av resipientar.....	22
12.2	Overvaking etter vassforskrifta .....	22
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining.....	22
13.1	Miljørisikoanalyse .....	22
13.2	Førebyggjande tiltak.....	23
13.3	Beredskap.....	23
13.3.1	Beredskapsanalyse .....	23
13.3.2	Beredskapsetablering.....	23
13.3.3	Beredskapsplan.....	23
13.3.4	Øving av beredskap .....	23
13.4	Varsling av akutt forureining.....	24
14	Undersøkingar og utgreiingar .....	24
14.1	Utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet .....	24
14.2	Utgreie handtering av ulike vasstraumar .....	24
14.3	Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn.....	24
15	Eigarskifte, omdanning mv. ....	25
16	Nedlegging .....	25
17	Tilsyn .....	25
	Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter.....	26
	Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar og aktivitetar .....	28
	VEDLEGG 3 – Overvaksingsprogram (årleg og 5-årleg) for sigevatn frå deponi .....	30



## 1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 1 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil 45 000 tonn avfall per år. Mengda avfall på området til bedrifta skal ikkje på noko tidspunkt overstige 6 100 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som blir lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Tillaten behandling av avfallet er nærmare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Løyvet omfattar også deponi for ordinært avfall (kategori 2), jf. avfallsforskrifta § 9-5 b) og utslepp frå inntil 500 m<sup>3</sup> avløpsvatn (rejektvatn frå avvatning av avløpslam).

Løyvet omfattar ikkje kverning av ordinært avfall og biologisk behandling av avfall med ein kapasitet på over 75 tonn per dag, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I, punkt 5.3 b), eller blanding og ompakking av farleg avfall med ein kapasitet på over 10 tonn per dag, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I, punkt 5.1 c) og d).

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 17. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa.



## 2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillende prinsippet om bruk av beste tilgjengelige teknikk for å motvirke forureinende utslepp og annen negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom bedrifta ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må bedrifta søkje om løyve til dette.

## 2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

## 2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

## 2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>3</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 13.1.

## 2.8 Kompetanse

Alle som handterer farleg avfall i bedrifta skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.

Bedrifta skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere miljørisiko ved verksemda og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at bedrifta driver i samsvar med løyve og anna regelverk.

---

<sup>3</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



Verksemda må til ei kvar tid ha tilknytt person/firma med kjemikkompetanse på minst bachelor-nivå, ved eigen tilsett eller avtale med kvalifisert person/verksemd.

## 2.9 Nærmiljø

Verksemda skal sikre at ulempe frå støv, skadedyr, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum. Det skal utarbeidast eige program for å hindre skadedyr.

Flygeavfall skal avgrensast mest mogeleg, om nødvendig med fangnett med tilstrekkeleg høgde. Verksemda skal syte for jamleg opprydding.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

## 3 Utslepp til vatn

### 3.1 Utsleppsavgrensingar

Utslepp frå verksemda til vassførekomsten Sognefjorden (Vann-nett ID 0280020100-1-C) skal ikkje medføre lågare økologisk tilstand enn klasse 2 (god). Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate.

#### 3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha punktutslepp<sup>4</sup> til vatn frå innandørs avfallshandtering.

Tabell 3.1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar, jf. punkt 11.2

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrense Konsentrasjon (mg/l)
Oljehaldig avløpsvatn	Olje	10 mg/l

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering, inkludert regulering av ulike vasstraumar og fastsetting av grenser for fleire komponentar, vil bli vurdert med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

#### 3.1.2 Utslepp frå flytande avfall

Rejektvatn frå avvatning av avløpslam og glykolhaldig vatn frå avising av fly vert tillate ført inn på sigevassleidninga nedanfor siste reinsetrinn.

#### 3.1.3 Diffuse utslepp

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureina utslepp til vatn ved diffuse utslepp. Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg. Diffuse utslepp skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

<sup>4</sup> Punktutslepp er alle utslepp som er samla opp.



### 3.1.4 Utsleppsreducerande tiltak

Verksemnda pliktar å nytte seg av beste tilgjengelege teknikkar som gjeld denne type verksemder. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar samt reinsing av avløp. Dersom miljøovervakinga viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemnda pliktig til så snart som praktisk mogeleg å utbetre forholda.

Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget. Innan 1. mars 2024 skal verksemnda lage plan for gjennomføring for takvatn frå eksisterande bygg. Statsforvaltaren vil på bakgrunn av planen vurdere å sette krav til gjennomføring for takvatn frå eksisterande bygg.

Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett<sup>5</sup> eller fast<sup>6</sup> dekke skal samlast opp til punktutslepp.

Oljeholdig avløpsvatn skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i punkt 3.1.1 blir haldne.

Ei meir presis og eventuelt også strengare regulering av utsleppsreducerande tiltak for ulike vasstraumar vil bli vurdert med grunnlag i utgreiinga som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

Krav til handtering av overvatn og sigevatn frå deponiet går fram av punkt 10.

## 3.2 Utsleppspunkt

Avløpsvatnet skal førast ut i Sognefjorden minst 25 m frå land og til 40 m djupne. Avstanden frå land blir rekna som horisontal avstand frå strandkanten ved middelasstand. Utsleppet skal gå føre seg på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, til dømes gjennom bruk av diffusor, røyrutforming og utsleppshastigheit.

## 3.3 Kjølevatn

Verksemnda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

## 3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå bedrifta.

## 3.5 Mudring

Dersom det som følge av verksemnda til bedrifta skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedrifta innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

---

<sup>5</sup> Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

<sup>6</sup> Asfalt.



## 4 Utslepp til luft og nærmiljøtiltak

### 4.1 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

### 4.2 Deponigass

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting - alternativt fakling, frå alle deponiceller med gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial.

Når metangassproduksjonen har mindre energimengd enn 50 kW per time (svarande til mindre enn 10 Nm<sup>3</sup>/time med 50 % metan) eller 10 % av opphavleg mengde, kan verksemda avslutte drift av metangassanlegget.

Verksemda skal ha regelmessig kontroll<sup>7</sup> med diffuse utslepp av deponigass og gassoppsamlingsanlegget sin effektivitet, og om nødvendig setje i verk avbøtande tiltak. Verksemda må jamleg og seinast ved nedlegging av deponicelle, evaluere effektiviteten til eksisterande gassuttak og vurdere behov for oppgraderingstiltak.

Oppsamling, behandling og utnytting av deponigass skal utførast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for helse eller miljø.

Vassinnhald og fukt i deponert avfall skal avgrensast til den mengda som trengst for å oppretthalde ein optimal gassproduksjon.

### 4.3 Lukt

#### 4.3.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgivingane blir avgrensa mest mogleg. Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

#### 4.3.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

## 5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

---

<sup>7</sup> Forskrifta stiller krav om at overvakinga av gassdanning må vere representativ for kvar seksjon av deponiet.



Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>8</sup>, og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22<sup>9</sup>.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller slepte ut ved verksemda og sette i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan setje ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå også punkt 16.

## 6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>10</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>11</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

<sup>8</sup> Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

<sup>9</sup> Jf. forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

<sup>10</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

<sup>11</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskrifta) av 30. mai 2008, nr. 516





## 7 Støy

Verksemnda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Jamvel om verksemnda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av beste tilgjengelege teknikkar.

Verksemnda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	Lden	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl.19-23)	Lden	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)*	Lden	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	LAfmax	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

\* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemnda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemnda.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda, inkludert intern transport på verksemnda sitt område samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemnda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

### 7.1 Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemnda vil sleppe ut støy jamleg over sette grenseverdiar. Verksemnda pliktar å dokumentere støynivåa etter nærare krav frå Statsforvaltaren. Slik måling/utrekning må gjennomførast av uavhengig firma med dokumentert kompetanse på slikt arbeid. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Måling må skje i tidsrom det er vanleg aktivitet med maksimalt ekvivalent støyutslepp. Tidsrommet skal vere føremeldt til representantar for naboane, kommunen og Statsforvaltaren.



## 8 Energi

### 8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing for i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

### 8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

### 8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5.

## 9 Avfall

### 9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Bedrifta pliktar å syte for at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova .

For materiale som blir nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Bedrifta skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei minst like god miljøløysing.



## 9.2 Handtering av avfall

### 9.2.1 Mottak av avfall

Verksemder som tar imot farleg avfall skal ha tilfredsstillande internkontrollsystem, jf. punkt 2.7 Internkontroll og internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal sikre at mottatt farleg avfall er deklartert eller lovleg importert slik at den vidare handtering kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13. Tilsvarande gjeld at mottak av ikkje-farleg avfall er tilstrekkeleg dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge avfallets samansetning.

Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til bedrifta, skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillatne levert til anlegget.

Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast går fram av tabell 1 i vedlegg 2.

### 9.2.2 Mottak av avfall til deponering

Avfall som vert motteke for deponering skal kontrollerast. Kontrollen skal avdekke i kva grad det er samsvar mellom oppgitt avfall og faktisk levert avfall, og kva for handtering avfallet skal ha vidare. Prøvetaking og analyse av avfallet skal gjennomførast i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II. Verksemda pliktar å føre ein stikkprøvekontroll utover dette der det ligg føre ein mistanke om at avfallet som ein ønskjer deponert kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kap. 9 og dette løyvet.

I deponicelle på særskilt avsett og merkt stad (både i terrenget og på kart) kan ein ta imot (nummereringa viser til vedlegg 2 til kap. 9 i avfallsforskrifta:

- asbestavfall og gipsavfall i samsvar med mottakskriteria i pkt. 2.2.1 og 2.3.3,
- stabilt farleg avfall inklusiv forureina masse i samsvar med mottakskriteria i pkt. 2.3.1 og 2.3.2

Avfall levert for deponering, men som manglar tilstrekkeleg dokumentasjon<sup>12</sup>, kan mellomlagrast ved anlegget inntil deponering ev. kan godkjennast. Avfallsleveranse til deponering der dokumentasjonen viser at avfallet ikkje oppfyller kriterier for deponering, skal straks leverast vidare til lovleg anlegg.

Publikum skal ikkje ha tilgang til deponiområdet.

### 9.2.3 Generelle krav til handtering

All handtering<sup>13</sup> av avfall skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn.

<sup>12</sup> Det er krav til dokumentasjon på avfall som skal til deponi (avfallsforskrifta kapittel 9) og farleg avfall (avfallsforskrifta kapittel 11) før levering.

<sup>13</sup> Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling. Omgrepet omfattar likevel ikkje lagring i påvente av levering hos verksemda som sjølv har generert avfallet.



I tillegg gjeld følgende:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining.
- b. Bedrifta skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.
- c. Avfallsanlegget skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.
- d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
- e. Alt avfall, unntatt det som er regulert i punkt f) uavhengig av mengde, skal handterast og lagrast på fast dekke<sup>14</sup> med oppsamling av eventuell avrenning. Dersom risikovurdering viser at det er naudsynt, skal avfallet handterast og lagrast innandørs på tett dekke<sup>15</sup>.
- f. Bioavfall og slam (avfallsstoffnummer 1100) til kompostering skal, uavhengig av mengde, handterast og lagrast innandørs på fast<sup>13</sup> dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan måte for lagring og handtering kan godtakast dersom bedrifta kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.
- g. Mottak av avfall med avfallsstoffnummer 1111, 1126 og 1127 til kompostering skal som minimum skje under tak og skjerma for ver og vind.
- h. Klorparafinhaldige vindu skal handterast innandørs og på tett dekke eller i tett containar med lok.
- i. Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreieing og etablering av framande skadelege artar. Risikoen for spreieing av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).
- j. Smittefarleg avfall må lagrast i særskilt merkt emballasje og skild frå anna avfall. Ved lagring i meir enn 7 dagar må slikt avfall lagrast i temperatur som ikkje er høgare enn minus 20 °C.

I tillegg gjeld krava i følgende forskrifter:

- Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 om minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall
- Forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.
- Avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt

Blanda/ikkje sortert avfall skal sorterast så snart som råd. Avfall skal lagrast så kort tid og på ein slik måte at verdien for ombruk, materialgjenvinning eller energiutnytting ikkje vert forringa.

Avfall skal gjenvinnast der det er teknisk og økonomisk mogeleg, med mindre gjenvinning ikkje er rett ut frå avveging av miljøomsyn, ressursomsyn og økonomiske forhold. Førebuing til ombruk eller materialgjenvinning skal vurderast framfor annan gjenvinning.

Ei meir presis og eventuelt også strengare regulering av krav til handtering og lagring vil bli vurdert med grunnlag i utgreiinga som bedrifta i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

<sup>14</sup> Med fast dekke er meint dekke som har ei hard overflate, for eksempel asfalt. Ikkje grus og liknande.

<sup>15</sup> Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.



#### 9.2.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Bedrifta skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane skal inngå i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.6.

## 10 Oppbygging og drift av avfallsdeponi

Statsforvaltaren legg til grunn at det er etablert eit avfallsdeponi som har eit totalt fyllingsvolum på 400 000 m<sup>3</sup>, og som med noverande årsvolum har kapasitet til drift til år 2050.

### 10.1 Deponikategori

Anlegget vert klassifisert som kategori 2: deponi for ordinært avfall, og som kategori 3: deponi for inert avfall, jf. § 9-5 i avfallsforskrifta.

Deponikategoriene må vere fysisk skild og vere merkt i terrenget.

### 10.2 Oppbygging og sikring av deponiet

Verksemda skal hindre innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og gjennomføre nødvendige tiltak for å redusere vassinntrenging til deponiet. Reint overflatevatn frå tilstøytande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje førast til sigevassnett, men leiast separat utanom deponiet. Dersom reint overflatevatn vert ført under deponiet, skal drencsystemet ha eit dobbelt sett, uavhengig røyr som kvar har hydraulisk kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår.

Alle deponiceller etablert etter 1.5.2002 skal ha ein effektiv oppsamling av alt sigevatn. Jord, grunnvatn og overflatevatn skal sikrast med ein geologisk barriere mot botn og sider kombinert med ein konstruert barriere som kvar for seg sikrar permeabilitet mindre enn  $K \leq 1,0 \times 10^{-9} \text{ m/s}^{16}$ .

Oppbygginga skal vere minimum:

- morenemasse/silt/leire som naturleg geologisk barriere mot botn og sider,
- konstruert geologisk barriere med komprimert morene min. 0,5 m og bentonittmembran min. 6 mm lagt oppå min. 0,2 m vernelag av finsand eller tilsvarande
- kunstig tettingsmembran min. 2,5 mm lagt ut og sveist saman av firma med dokumentert kompetanse for slikt arbeid
- dreneringslag min. 0,5 m av singel eller tilsvarande lagt oppå masseseparasjonsskilje og min. 0,2 m vernelag av finsand eller tilsvarande over tettingsmembran

*Krav til deponicelle kor det er gitt dispensasjon:*

For deponiceller som eksisterte før 2002, har Statsforvaltaren gitt dispensasjon frå krava til dobbel botntetting i vedtak den 7.12.2005.

---

<sup>16</sup> K = mineralsjiktet si hydrauliske leingsevne målt i meter per sekund (m/s)



### 10.3 Oppfylling og drift av deponiet

Plassering av avfall skal skje slik at avfallsmassen er stabil og slik at det ikkje vert skade på tilknytte strukturar på grunn av setningar, utgliding eller andre stabilitetsbrot.

Så lenge deponert avfall produserer gass, skal oppfylling og drift leggje til rette for ei best mogleg gassopsamling og –behandling med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Areal som vert nytta aktivt til deponering skal vere så lite som mogeleg. Deponert avfall skal komprimerast jamleg. Deponiet skal delast opp i separate celler som kvar skal innehalde maksimalt ein nærare definert mengd i samsvar med oppfyllingsplan. Kvar celle skal avsluttast og dekkast over før ei ny celle vert teken i bruk. Deponiceller som er i bruk og som kan ha synleg nedbrytbart avfall skal dekkast til dagleg, elles minimum slik at det ikkje fører til flygeavfall eller tiltrekk seg fugl . Både komprimeringsgrad og frekvens på tildekkinga av avfallet må vere tilpassa avfallstype i høve til risiko for miljøulempar, innverknad på gassproduksjon i deponiet og klimatiske forhold.

Massar/duk som vert nytta til mellombels tildekking av avfallet skal vere eigna til å skjule avfallet frå fugl.

Det skal gjerast jamlege registreringar og utbetringar av setningar i deponiet både under aktiv drift og i etterdriftsfasen.

### 10.4 Oppsamling og reinsing av sigevatn

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller vert rekna som avslutta deponiareal, skal samlast opp og førast til reinseanlegg. Oppsamlingseffektiviteten av sigevatn skal vere nær 100 %. Oppsamlingssystemet skal vere operativt inntil Statsforvaltaren godkjenner opphøyr av jamleg vedlikehald.

Sigevatn som overstig grenseverdier basert på PNEC-verdier<sup>17</sup> skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar. Reinsinga skal signifikant redusere konsentrasjon av utfellbar forureining. Reinseanlegget skal dimensjonerast med ein hydraulisk kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår, og ha overløp for avrenning utover dette.

Behandla sigevatn kan nyttiggjerast ved repumping til deponert avfall for å halde på optimal fukt. Sigevassediment kan redeponerast dersom basiskarakteriseringa viser at avfallet tilfredsstillar kriteria for deponering på deponi for ordinært avfall.

### 10.5 Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse

Verksemda skal årleg lage ei oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er teke i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetjing, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

På bakgrunn av kontinuerleg måling av (eller tilgang til) nedbør, kontinuerleg måling av sigevatn og utrekning av fordamping, skal verksemda dokumentere vassbalansen minst for det arealet som er avsett til deponi.

---

<sup>17</sup> PNEC: Konsentrasjon der ein ikkje ventar negativ effekt på vass- og jordlevande organismar.



Dersom representative data ikkje er tilgjengelege, må meteorologiske data som er nødvendig for dette føremålet samlast inn på deponiet.

## 10.6 Avslutting av deponi og deponicelle

For deponiceller som inneheld biologisk nedbrytbart avfall, skal utforminga av toppdekket bidra til å sikre at det skjer ein tilstrekkeleg vasstilførsel til å oppretthalde nedbrytingsprosessane i deponiet, samstundes som utvasking av avfallet vert avgrensa til eit minimum. Det skal leggast til rette for biologisk metanoksidasjon i lekkasjepunkt og som supplement til ordinær gassoppsamling.

Utforminga av toppdekket skal hindre erosjon, sikre optimal nedbryting av avfall og vere tilpassa etterbruken av areala.

Når omsøkt deponivolum er utnytta eller mottak av avfall opphøyrer, skal deponiet avsluttast. Den ansvarlege for løyvet har ansvar for etterdrift av anlegg og installasjonar etter særskilt vedtekne krav frå Statsforvaltaren, og i minst 30 år etter avslutting.

Seinast 1,5 år før avfallsdeponering skal opphøyre, skal verksemda leggje frem ein plan for endeleg avslutting og etterdrift. Planen skal mellom anna omfatte eit revidert overvåkingsprogram for vatn og deponigass i etterdriftsfasen og gi framlegg til endeleg utforming og etterbruk av deponiet. Planen må ta høgde for etterfylling på grunn av setningar og framleis drift av anlegg for behandling av gass og/eller sigevatn. Den ansvarlege vil få særskilte krav til avsluttingsfasen og etterdriftsfasen frå Statsforvaltaren som eige vedtak.

Avslutta celler skal ha ei konveks form eller overflate skal ha eit fall på min. 1 %. Vekstsjiktet (dvs øvste del av toppdekket) skal vere berre reine masser. Dersom arealet skal nyttast til jord- eller skogbruk, må vekstsjiktet vere djupt nok til å tole pløying eller annan jordbearbeiding. Før etterdriftstida er over, skal stadeigne trær ikkje ha røter ned under toppdekke. Det er berre tillate med stadeigne tre i etterdriftstida. Det er ikkje tillate å nytte deponiet til bustadføremål før etterdriftsfasen er over.

## 10.7 Finansiell sikring

Verksemda skal stille tilfredstillande finansiell garanti for at deponert avfall vert forsvarleg handtert dersom verksemda legg ned sin aktivitet eller på annan måte ikkje er i stand til sjølv å drifte anlegget. For deponert avfall skal sikra beløp vere stor nok til påreknelege utgifter til etterdrift av deponiet i minst 30 år.

Som interkommunalt selskap vil eigarkommunane vere økonomisk ansvarlege etter avtalt fordeling. Dette vil også gjeld for etterdrift av deponiet.

# 11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

## 11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta plikter å kartleggje verksemda sine utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Bedrifta skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).



Særskilte krav til utgreiing av utslepp er sett i punkt 14.

## 11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og berekning.

Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier fastsette i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier som er fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljøverknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Bedrifta skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

## 11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Bedrifta må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

## 11.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal bedrifta gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første avsnitt), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn





- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngeving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### 11.5 Program for utsleppskontroll for deponiet

I tillegg skal program for utsleppskontroll for deponiet gjennomførast i tråd med rettleiar TA-2077/2005 eller seinare utgåver og som minimum omtale:

- overvakingstema nemnd i tabellen under
- parameterval i samsvar med krav i vedlegg 3 og eigen vurdering
- ev. andre komponentar, herunder prioriterte miljøgifter, som er omfatta av årleg rapporteringsplikt<sup>18</sup>
- analyse og vurdering av resultat, inkludert vurdering av reinseeffekt
- utrekning og vurdering av årlege mengder der det går fram av løyvet

Overvakingstema	Frekvens
Sigevassmengd	Kontinuerleg
Sigevatnet og sigevassedimenta si samansetjing	I samsvar med vedlegg 3 del 1 og 2
Overflatevatnet si samansetjing	I samsvar med vedlegg 3 del 3
Grunnvassnivå	Samstundes med uttak av prøver om samansetjing
Grunnvatnet si samansetjing (kontrollbrønnar)	I samsvar med vedlegg 3 del 3

### 11.6 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal bedrifta rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontrollen. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Inntil rapportering på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Bedrifta skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare. Eigenkontrollen skal også inkludere ei fagleg vurdering av resultatata frå utsleppskontrollen, om drifta er i tråd med vilkåra i løyvet og eventuell handlingsplan for å sikre dette.

<sup>18</sup> Omfang går fram av rapporteringsskjema som vert tilgjengeleg via Altinn, og ein må følge rettleiar frå Miljødirektoratet som er lagt ut på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)



## 12 Miljøovervaking

### 12.1 Overvaking av resipientar

Bedrifta skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingssystem. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

Oppdatert overvakingssystem skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknadar innan 01.03.2023 og ved seinare ved endringar.

### 12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Bedrifta skal overvake og greie ut korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekosten. Overvakinga skal gjennomførast etter vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking og skal vise korleis utslepp frå verksemda i dag og tidlegare utslepp har påverka vassførekosten. Verknad av utslepp frå aktive deponi skal også overvakast.

Overvakingssystemet skal vise og grunngi kva for element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, og korleis og i kva for medium (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal også gå fram av programmet. Ved behov for endring av overvakingssystemet, skal utkast til endringar med grunngiving sendast til Statsforvaltaren seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Bedrifta gjennomførte siste runden av overvaking av vassførekosten i 2018. Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 6 år. Dersom utslepp frå verksemda eller tilstanden i vassførekosten blir endra, kan det bli aktuelt å endre frekvensen for overvaking.

Resultata frå undersøkinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Bedrifta skal presentere resultata i form av ein rapport som mellom anna gjer greie for om det er sannsynleg at bedrifta påverkar vassførekosten.

Overvakingssystemdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljøs importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljøs kodeverk er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Bedrifta kan bli pålagt å gjennomføre meir omfattande gransking eller overvaking dersom Statsforvaltaren finn det nødvendig for å kartleggje samla belastning i vassførekostar, jf. forureiningslova § 51. Bedrifta kan bli pålagt å betale for ein del av kostnadane ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre bedrifter med utslepp i området.

## 13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

### 13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar



inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flom etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### **13.2 Førebyggjande tiltak**

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### **13.3 Beredskap**

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

#### **13.3.1 Beredskapsanalyse**

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjer restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi:

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

#### **13.3.2 Beredskapsetablering**

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

#### **13.3.3 Beredskapsplan**

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

#### **13.3.4 Øving av beredskap**

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.



### 13.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>19</sup>. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) i slike tilfelle.

## 14 Undersøkingar og utgreiingar

### 14.1 Utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet

Bedrifta skal kartleggje innhald av forureining inkludert prioriterte miljøgifter i vasstraumar på anlegget ved å

- kartleggje alle vasstraumar som kan innehalde forureining
- talfeste storleiken for kvar vass-straum
- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse vass-straumane kan innehalde. Bedrifta skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i kvar vass-straum
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av utslepp frå desse vass-straumane og lage ein handlingsplan for å redusere risikoen

Handlingsplanen skal ta utgangspunkt i bruk av best tilgjengeleg teknikk for avfallshandtering.

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2024.

### 14.2 Utgreie handtering av ulike vasstraumar

Bedrifta skal på bakgrunn av kartlagte vasstraumar på anlegget, inkludert takvatn frå eksisterande bygg, jf. punkt 3.1.4, vurdere om separat handtering av dei ulike vass-straumane på anlegget vil føre til redusert utslepp,

Utgreiinga skal omfatte

- vurdere kva for vasstraumar som bør handterast separat
- vurdere behov for separat reinsing av dei ulike vass-straumane og type reinsing
- anslå forventa reduksjon i utslepp som følgje av separat handtering og reinsing
- oversikt over tiltak og kostandar ved separering av vasstraumar og nye reinseløysingar

Tiltaka skal ta utgangspunkt i bruk av best tilgjengeleg teknikk for avfallshandtering.

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2024.

### 14.3 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Bedrifta skal vurdere behovet for å dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med trinn 1-3 i Miljødirektoratet si rettleiing M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*.

Vurderinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2023.

---

<sup>19</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne vurderinga finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil bedrifta bli pålagt å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med trinn 4-7 i Miljødirektoratet si rettleiing M-630/2016 og eventuell vidare overvaking.

## 15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdregen til ny eigar eller driftsansvaret blir overført til anna selskap, skal bedrifta sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## 16 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som alt er stilt i samsvar med løyvet løper vidare til Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>20</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukne kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand.

Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.6.

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedrifta melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.

## 17 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

---

<sup>20</sup> Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall



## Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

#### Metall og metallsambindingar:

	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blyambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

#### Organiske sambindingar:

<b>Bromerte flammehemmarar</b>	<b>Vanlege forkortingar</b>
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkan C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkan C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

#### Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

#### Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

#### Alkyfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

**Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

**Tinnorganiske sambindingar**

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

**Polysykliske aromatiske hydrokarbon****PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

**Bisfenol A****BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

**Organiske UV-filter**

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC



## Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar og aktivitetar

Tabell 1: Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoffnummer	Avfallstype	Mengde (tonn) som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
7000	Farleg avfall * stykkegods og bulk	100 tonn	12 månader
7158	Farleg avfall:* Klorparafinhaldige isolerglasruter		
7000	Farleg avfall: ** Forureina massar av jord og stein frå gravearbeid som inneheld farlege stoff Forureina massar frå mudring som inneheld farlege stoff	Skal ikkje lagrast	Skal ikkje lagrast
7000	Farleg avfall: ** Stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall		
Ikkje spesifisert med avfallsstoffnummer	Ordinært avfall		
1601, 1603, 1604, 1605, 1606	Forureina massar av jord og stein frå gravearbeid Forureina massar frå mudring		
9911, 9912	Blanda/ikkje sortert ordinært avfall frå næring og hushaldning Før sortering Etter sortering	5000 tonn	7 dagar 12 månader
1200-2300 (unntatt 1500, 1601-1606 og 1671- 1699)	Sortert ordinært avfall frå næring og hushaldning		12 månader
1500	EE-avfall		
1142, 1143, 1149	Trevirke		
1141	Reint trevirke		
1131	Park- og hageavfall		
1111, 1126, 1127 og 1128	Bioavfall og slam Før behandling Ferdig kompost	7 dagar 24 månader	
2211	Ordinært avfall: Glykolhaldig overvatn frå flyavising	Skal ikkje lagrast	Skal ikkje lagrast
6003	Smittefarleg avfall Lagring over minus 20 grader C Lagring under minus 20 grader C	1 000 tonn	7 dagar 12 månader

\* Farleg avfall

\*\* Gjeld farleg avfall som tilfredsstillar kriteria for farleg avfall som kan deponerast på et deponi for ordinært avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 2.3





Tabell 2: Tillate avfallstypar, avfallsmengder og behandlingsmåtar:

Avfallsstoff- nummer	Avfallstype	Årleg mengde (eining/år)	Behandlings- måtar
7000	Farleg avfall: * stykkgoods og bulk	Totalt 500 tonn	Sortering Omemballering Omlasting Lagring
7158	Farleg avfall: * Klorparafinhaldige isolerglasruter	50 tonn, inngår i totalramma på 500 tonn	Sortering Lagring Tipping og komprimering i containar
7000	Farleg avfall: ** Forureina massar av jord og stein frå gravearbeid som inneheld farlege stoff Forureina massar frå mudring som inneheld farlege stoff	2 000 tonn	Deponering
7000	Farleg avfall: ** Stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall	500 tonn	
Ikkje spesifisert med avfallsstoffnummer	Ordinært avfall	5 000 tonn	
1601, 1603, 1604, 1605, 1606	Forureina massar av jord og stein frå gravearbeid Forureina massar frå mudring	5 000 tonn	
9911, 9912	Blanda/ikkje sortert ordinært avfall frå næring og hushaldning	15 000 tonn***	Sortering Omlasting Lagring Kverning Emballering
1200-2300 (unntatt 1500, 1601-1606 og 1671- 1699)	Sortert ordinært avfall frå næring og hushaldning		Sortering Klipping/skjering Omlasting Lagring Emballering
1500	EE-avfall		Sortering Omlasting Lagring
1142, 1143, 1149	Trevirke		Sortering Kverning Lagring
1141 1131	Reint trevirke Park- og hageavfall		Sortering Kverning Lagring Kompostering
1111, 1126, 1127, 1128	Bioavfall og slam Før behandling Ferdig kompost	15 000 tonn	Sortering Kompostering Lagring
2211	Glykolhaldig overvatn frå flyaving	1000 m3	Utslepp
6003	Smittefarleg avfall	1 000 tonn	Lagring

\* Farleg avfall

\*\* Gjeld farleg avfall som tilfredsstillar kriteria for farleg avfall som kan deponerast på et deponi for ordinært avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 2.3

\*\*\* Grensa kan reknast som eit gjennomsnitt over dei siste 3 kalenderår



## VEDLEGG 3 – Overvåkingsprogram (årleg og 5-årleg) for sigevatn frå deponi

### Del 1 Årleg program, analyse av sigevatn og sigevassediment

Parameter	Forkorta	Sigevatn Minst 1 gong kvart kvartal		Sigevassediment Minst ein gong årleg	
		Måleeining	Målegrense	Måleeining	Målegrense
Surleik	pH				
Temperatur		°C			
Leiingsevne		mS/m	1		
Suspendert stoff	SS	mg/l			
Sporingsstoff	Cl, Na eller B				
Total nitrogen	N-tot	mg/l	0,1		
Total fosfor	P-tot	mg/l	0,05		
Monosykliske aromat <sup>1</sup>	BTEX	µg/l	0,2		
Kjemisk oksygenforbruk eller Total organisk karbon	KOF TOC	mg/l mg/l	10 1	mg/kg TS (TOC)	1
Jarn	Fe	mg/l	1	mg/kg TS	1
Mangan	Mn	mg/l	0,1	mg/kg TS	0,1
Sink	Zn	µg/l	3	mg/kg TS	3
Koppar	Cu	µg/l	1,5	mg/kg TS	1,5
Bly	Pb	µg/l	1	mg/kg TS	1
Kadmium	Cd	µg/l	0,1	mg/kg TS	0,1
Nikkel	Ni	µg/l	5	mg/kg TS	5
Krom	Cr	µg/l	1	mg/kg TS	1
Arsen	As	µg/l	2	mg/kg TS	2
Kvikksølv	Hg	µg/l	0,01	mg/kg TS	0,01
Oljesambindingar <sup>1</sup>	Upolare HC	µg/l	100	mg/kg TS	100
Polysykliske aromatiske hydrokarbon <sup>1</sup>	PAH <sub>16</sub>	µg/l	0,2	mg/kg TS	0,01
Turrstoff innhald	TS			vekt-%	
Korngradering					
Polyklorerte bifenylyl <sup>1</sup>	PCB <sub>7</sub>			mg/kg TS	0,002

<sup>1</sup> Enkeltkomponentar som normalt skal reknast inn i stoffgruppa er gitt i vedlegg 2 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077/2005 eller seinare utgåve: "Veileder om overvåking av sigevann fra avfallsdeponier"

Dersom analyse av ein parameter ikkje varierar med meir enn  $\pm 25\%$  over 3 år for 10 av minst 12 analysar, kan frekvensen reduserast til 1 analyse per år, målt i august månad.

Dersom analyse av ein parameter viser statistisk signifikant nedgang i konsentrasjon over 3 år for 10 av minst 12 analysar, kan frekvensen reduserast til 1 analyse i samband med dei utvida analysane kvart 5. år, jf. del 2 i dette vedlegget.

**Del 2 Fem-årleg program, analyse av sigevatn og sigevassediment**

Parameter	Forkorta	Sigevatn		Sigevassediment	
		Måleining	Målegrense	Måleining	Målegrense
Klorerte paraffinar <sup>1</sup>				mg/kg TS	0,001
Polyklorerte naftalenar <sup>1</sup>				mg/kg TS	0,1
Polyklorerte dibenzodioksinar/furanar <sup>1</sup>				TEQ mg/kg TS	0,000001
Klorerte pesticid <sup>1</sup>				mg/kg TS	0,05
Brei analyse av tungmetall (Screening av venta, førekomande metall)		µg/l		mg/kg TS	
Polybromerte difenyleter <sup>1</sup>	PBDE	µg/l	0,001	mg/kg TS	0,001
Hesabromcyklododekan <sup>1</sup>	HBCD	µg/l	0,01	mg/kg TS	0,01
Tetrabrom bisfenyl A	TBBA	µg/l	0,005	mg/kg TS	0,005
Bisfenol A		µg/l	0,001	mg/kg TS	0,001
Alkylfenol og -etoksilatar <sup>1</sup>		µg/l	0,5	mg/kg TS	0,05
Fenolar <sup>1</sup>		µg/l	0,5	mg/kg TS	0,5
Klorfenolar <sup>1</sup>		µg/l	0,5	mg/kg TS	0,5
Tinnorganiske sambindingar <sup>1</sup>		µg/l	0,01	mg/kg TS	0,01
Ftalatar <sup>1</sup>		µg/l	1	mg/kg TS	1
Klorbenzenar <sup>1</sup>		µg/l	0,5	mg/kg TS	0,5
Flyktige klorerte hydrokarbon <sup>1</sup>		µg/l	0,2		
Lineære alkylbenzensulfonat	LAS	µg/l	20		
Fenokysyrer <sup>1</sup>		µg/l	0,5		
Akutt toksisitet screening		TU			
Akutt toksisitet vassplante/-alge		TU			
Akutt toksisitet krepsdyr		TU			
Mutagenitetstest					

<sup>1</sup> Enkeltkomponentar som normalt skal reknast inn i stoffgruppa er gitt i vedlegg 2 i Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077/2005 eller seinare utgåve: "Veileder om overvåking av sigevann fra avfallsdeponier"